

Granvin herad Sakspapir

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr	Sbh
Formannskapet	22.11.2011	076/11	EDM

Sakshandsamar: Ebbe Dam Meinild	Arkivkode: K2-L12	Arkivsaknr: 11/211
---	-----------------------------	------------------------------

Fv 7 Lussandberget aust - Fastsetjing av planprogram

Vedtaksmynde: Formannskapet

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	17.03.2011	Statens vegvesen	Fv. 7 Lussandberget aust - varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid
3	I	15.04.2011	Oppsitjarane på Lussand og Beggevik	Merknad til arbeidet med planprogrammet for reguleringsplan for rassikring i Lussandberget (Bjørnga)
2	I	25.04.2011	NVE - Region Vest	Innspeil til varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan Fv7
4	I	07.07.2011	Statens vegvesen	Lussandberget øst - Granvin herad Fv 7, Lussandberget. Fastsetting av planprogram.
5	I	20.07.2011	Statens vegvesen	Fv 7 Lussandberget. Fastsetjing av planprogram
6	I	05.08.2011	Grunneigarar og hytteeigarar på Lussand	Vedrørande arbeid med reguleringsplan for rassikring i Lussandberget

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.: Plan- og bygningslova

Bakgrunnsmateriale slik som t.d. planhefte, føresegner og kart ligg tilgjengeleg på www.granvin.kommune.no under fana "planar" og deretter "planar under arbeid" i menyen til venstre.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. I samsvar med § 12-9 i Plan- og bygningslova fastset Granvin formannskap framlegg til planprogram for Fv 7 Lussandberget dagsett 19.03.2011.
 - Granvin herad ønskjer at "Konsekvens for bumiljø (bustad og opphald) skal utgreiast." i pkt 8.2 utgreiast som eit sjølvstendig punkt i lag med konsekvens for gardsdrift nemnt i pkt 8.5.

- Granvin herad ønskjer at deponering av massar skal utgreiast som eit eige punkt.
 - Tittel for pkt. 8.4 skal endrast til ”Kulturminne og kulturmiljø”
2. Granvin herad ønskjer at minst eitt alternativ som går bak grenda Lussand vert utgreidd og vurdert som ein alternativ trase. Det må takast omsyn til gardsdrift og bumiljø.

24.11.2011 Formannskapet

FS-076/11 VEDTAK:

Framlegget frå rådmannen i 2 punkt vart samrøystes vedteke:

1. I samsvar med § 12-9 i Plan- og bygningslova fastset Granvin formannskap framlegg til planprogram for Fv 7 Lussandberget dagsett 19.03.2011.
 - Granvin herad ønskjer at ”Konsekvens for bumiljø (bustad og opphald) skal utgreiast.” i pkt 8.2 utgreiast som eit sjølvstendig punkt i lag med konsekvens for gardsdrift nemnt i pkt 8.5.
 - Granvin herad ønskjer at deponering av massar skal utgreiast som eit eige punkt.
 - Tittel for pkt. 8.4 skal endrast til ”Kulturminne og kulturmiljø”
2. Granvin herad ønskjer at minst eitt alternativ som går bak grenda Lussand vert utgreidd og vurdert som ein alternativ trase. Det må takast omsyn til gardsdrift og bumiljø.

FAKTA:

Bakgrunn

Eksisterande veg går gjennom ei strekning som er utsett for snø- og isras. Vegen er smal og har delvis berre eit kjørefelt. I tillegg er vegen svingete. Grøft manglar på innsida av vegen og det er ikkje rom for å utvide vegen sia terrenget er stupbratt . Vegen har ein årsdøgnstrafikk (ÅDT) på 900 kjøretøy per døgn, med 1 300 kjøretøy per døgn om sommaren. Fartsgrensa på strekninga hovudsakeleg 80 km/t, men med 60 km/t gjennom Lussand og tilråda fart 40 km/t i gjennom den krappaste kurven.

Registreringar av naturtyper i Naturbasen (Direktoratet for naturforvaltning) viser at det i planområdet er to A-lokalitetar (svært viktig), ein B-lokalitet (viktig) og ein C-lokalitet (lokalt viktig) gjer at tiltaket vurderast å få vesentleg verknad for miljøet, og difor krev ein KU. I tillegg vert området nemnt i 3 rapporter om natur og miljø i Granvin: I Viltet i Granvin (2005) kategoriserast området som eit ”viktig viltområde”. I Landskapsanalyse for Granvin Herad (2007) kategoriserast området som ”Visuelt sårbart”, ”naturformer med særskilt inntrykksstyrke” med eigenskapar som ”kulturmiljø”. Og i Naturtypar i Granvin (2005) som eit ”svært viktig” og ”lokalt viktig” område.


Sjå Litt om reguleringsplan, planprogram og konsekvensutgreiing i saka om Fv 7 Haukanes.

Føremål

Statens Vegvesen (SVV) ønsker på denne bakgrunn å rassikre vegen ved å bygge tunnel bakom rasfarleg parti ved Haukanesberget.

Planavgrensing

Planområdet strekk seg frå Lussand til Beggevik. Sjå kart.



Relevante planar

Området er regulert som LNF-areal i kommuneplanens arealdel. Ein vesentleg del av dette er bandlagt etter lov om naturvern: Folkedal naterreservat. Ved ei utviding/omlegging av vegen vil noko av LNF-området verte omregulert i vegføremål.

Innhald

Av planprogrammet går det fram at SVV med grunnlag i dei utgreiingar som vert gjort vil utarbeide eitt planforslag til reguleringsplan. Dei alternativ som blei vurdert går fram av rassikringsnotat om Lussandberget.

Det går fram at naturreservatet i Folkedal er ein vesentleg årsak til at tiltaket vurderast å få vesentleg verknad for miljøet, og difor krev ein KU. Det nemnast òg to registrerte naturtypar (B-lokalitetar) i planområdet i Naturbasen (Direktoratet for naturforvaltning). Om KU går det fram at 5 deltema skal utgreiast:

- Landskapsbilete: visuelle tilhøva knytt til fjordlandskapet, og med særskilt fokus på kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø.
- Nærmiljø/friluftsliv: badeplassar, turstigar og konsekvens for bumiljø (bustad og opphald).
- Naturmiljø: dokumentasjon og undersøkingar i medhald av Naturmangfaldlova (NML) 2009.

- Kulturminne og kulturmiljø: Automatisk freda kulturminne (eldre enn 1537), nyare tids kulturminne og heilskapelege kulturmiljø.
- Naturressursar: Ressursgrunnlaget for verdiskaping og sysselsetting innan primærnæring som skal vurderast. Omsyn til jordvernet skal vektleggast.

Masseplassering

Det har ikkje blitt opplyst korleis massar frå tunnelen er tenkt lagra.

Organisering

SVV er tiltakshavar og planleggjar.

Saksgang

- I brev av 17.03.2011 varsla Statens Vegvesen (SVV) oppstart på reguleringsplanarbeid i samsvar med Pbl. §§ 3-7 og 12-8. Føremålet er å rassikre vegen ved å byggje tunnel bakom rasfarleg parti ved Lussandberget.
- SVV arrangerte ein kontor på Granvin heradshus 28.03.11 kl 14-18. Frist for å komme med merknader vart satt til 30.04.11.

VURDERING:

Innspel /merknader

Det kom inn 3 merknader/innspel, som er kommentert av planleggjar i skriv dagsett 21.07.2011. Det har kome 1 tilleggsmærknad frå grunneigarar og hytteeigarar på Lussand i etterkant av kommentarane frå SVV.

Grunneigarar Sigmund Myklatun, Magnar Lussand, Vigleik Mo, Anne Vigdis Melkild, Geir Lussand, Gudrun S. Kalstad, Magne J. Kalstad, Marie E. Thorkildsen, Ole D. Lærum, Eivind J. Kvalvåg, Jostein Bøyum, Jan Eivind Myklatun, Eilev E. Beggevik, Torgeir Røystrand og Jaran Utne, 15.04.2011.

Ønskeleg å regulere lang tunnel bak busetnaden på Lussand. Ved dette alternativet ber dei om at vegen vert lagt lengst mulig frå busetnaden i Kalvika. Ved alternativ for kortere tunnel med innslag like aust for elva, er dei kritiske til skissert avkøyrselssanering. Dei er sterkt imot store inngrep i dyrka mark og bumiljø. Det er planlagt hyttefelt og småkraftverk i området rundt påhogget, og dei er sterkt kritisk til store verdireduserande inngrep.

Noregs vassdrags- og energidirektorat, NVE, 20.04.2011.

NVE har ingen innspel til planarbeidet.

Hordaland Fylkeskommune, 04.05.2011.

- Tittel for tema "Kulturmiljø" i planprogrammet, pkt 8.4, bør endrast til "Kulturminne og kulturmiljø" for at det tydeleg skal gå fram at automatisk freda kulturminne er inkludert.
 - Ein må ta høgde for busshaldeplassar for busetnaden både aust og vest for tunnelen.
 - Ein må vurdere om eksisterande veg skal brukast til gang- og sykkeltrafikk eller stangast.
 Dersom eksisterande veg berre brukast som tilkomst til eigedommar bør det vurderast å nedklassifisere denne til kommunal veg.

Grunneigarar og hytteeigarar på Lussand v/ Sigmund Myklatun, 05.08.11

Visar til merknad frå 15.04.11 og samtale med planleggjarar frå SVV 27.07.11. Påpeikar dagens problematiske trafikale situasjon i grenda Lussand, med over FV 7 som går gjennom per i dag. Meinar at tunnelen, dersom påhogg kjem aust for Lussand vil forsterke dette. Dei ber SVV om å sjå heilskapen i prosjektet, slik at trafikktryggleik og blir ivaretatt.

Planleggjar sin kommentar

Ifølge planleggjar er den einaste merknaden til planprogrammet kjem frå Hordaland Fylkeskommune, sjå førreavsnitt. Planleggjars kommentar er at overskrifta “kulturmiljø” i planprogrammet er i samsvar med SVVs handbok for konsekvensutgreiing. Planleggjar ynskjer elles å halde fram med uendra planprogram til handsaming i Granvin Herad.

Administrasjonen sin kommentar

Me går ut ifrå at merknaden frå Hordaland Fylkeskommune vert tatt til følge, då tittelen vart endra i tråd med merknaden i planprogrammet for FV 7 Haukanes. Me meiner at det naudsynt å utgreie det ressursgrunnlaget, som td. dyrka mark, men og dei menneskelege konsekvensar, korleis drifta reint praktisk kan gjennomførast osv. Staden og grenda Lussand er, som omtalt i Landskapsanalyse for Granvin herad (2007) eit visuelt sårbart område, men og eit område med stort potensial for rekreasjon for alle innbyggjarar i Granvin. Ei positiv konsekvens av ei god løysing kunne være ei ny og forbetra situasjon i Lussand. Me ønskjer og å påpeika dei tryggleikproblema som kan oppstå ved auka trafikk gjennom grenda.

Eventuelle andre merknader til planprogrammet

Me ønskjer ei løysing for massehandtering som tek vare på massane til seinare bruk.

Oppsummering og konklusjon

Sjølv om det her er snakk om eitt planprogram og ikkje eitt planforslag, meiner administrasjonen likevel at det kan være grunn til å presisera tungtvegande moment for Granvin Herad i vedtaket. Merknadane syner ein del forhold ved planen som bør takast omsyn til.

Administrasjonen tilrår difor at FS i samsvar med § 12-9 i Plan- og bygningslova fastsett framlegg til planprogram for Fv 7 Lussandberget slik det står i vedtaket.